

Karmøy kommune  
Statsråd Vinjesgate 25  
4250 KOPERVIK

Dykkar referanse:  
**20/6041**  
Dato: **13.10.2020**  
Saksnr.: **2020/60674**  
Dok.nr.: **4**  
Saksbehandlar:  
**Angunn Skeiseid**

## **Karmøy kommune - gnr 50 bnr 33 mfl. - Detaljregulering plan 1031 - utviding av Falnes kirkegård – varsel. Fråsegn vedrørende kulturminne.**

Fylkesrådmannen viser til varsel om oppstart av detaljregulering for utviding av Falnes kyrkjegard på gnr 50 bnr 33 m.fl. i Karmøy kommune.

Fylkesrådmannen har, som regional kulturminnestyresmakt, vurdert planområdet med omsyn til automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne.

### **Automatisk freda kulturminne**

Etter ei vurdering finn vi det naudsynt å synfare området før vi kan gi ein endeleg uttale til oppstartsvarselet. Dette for å avgjere om det i tiltaksområdet er potensiale for funn av til nå ikkje kjente automatisk freda kulturminne, som tiltaket kan komme i konflikt med.

Det ligg også fleire automatisk freda kulturminne innanfor det varsla planområdet – ID 34400 (busetnads-/aktivitetsområde) og 24560 (gravfelt). Desse vil kunne bandlegge ein stor del av det omsøkte planområdet, jf PBL §11-8, omsynssone d), SOSI-kode H730.

Kostnadene i samband med synfaringa skal ikkje betalast av tiltakshavar.

Fylkesrådmannen vil likevel understreke at det kan bli behov for vidare arkeologiske registreringer etter denne første synfaringa.

Vi vil kunne gi endeleg uttale til planen når resultatet av synfaringa, og om naudsynt vidare registreringar, ligg føre og forholdet til automatisk freda kulturminne er avklart

### **Nyare tids kulturminne**

Fylkesrådmannen ser at planlagt utviding av kyrkjegarden har ei naturleg tilknytning til Falnes kyrkje kva gjeld plassering. Falnes kyrkje er listeført av Riksantikvaren. Dette inneber at ved arealplanlegging eller byggesaker skal fylkeskommunen vurdere eventuell innverknad på kyrkja og hennar omgjevander. I tillegg ser fylkesrådmannen at store deler av planområdet grensar til, eller ligg i nærleiken av, regulerte spesialområde som skal ivareta både kulturmiljø, natur og landskap. Samspelet mellom kyrkja og det vakre kulturlandskapet er av stor betydning.

For å unngå negativ innverknad på kyrkja og kulturlandskapet den omgir seg med, må det vidare i planarbeidet sikrast at kyrkjegarden si utforming vert tilpassa eksisterande landskap. Vesentleg endring av det småkuperte landskapet innanfor planområdet vert frårådd i eit kulturvernperspektiv.

Helsing

Leif Håvard Lundø Vikshåland Angunn Skeiseid og Ingvar Kristiansen  
leder (adm) rådgjevarar

Kopi til:

Fylkesmannen i Rogaland

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent. Oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.*